

AV DOKUMENTER SOM ER JESTER I Nordhordland Indremissjon. DOK MÅTTE VÆRT GJORT ELLER

Ei helsing til 75 års högtidi, 27/6. 1953.

Du fekk so vidsveimt eit åkerland, å så Guds vårsæde i - - - :
Frå yttste bygard, til högfjells rand med vidsyn storfeld og fri - .
For her bur gootfolk, på øy og strender, i trønge dalar og vide grender.
Her ser dei dagsljoset fyrste gongen. Her høyrer børni på módersongen.
Her vaken ungdom ser ljose leider, og sökjer kunnskap, til gagn og heider.
Trulova unge på högfjellsriset, dei ser i draumsyn kor paradiset : den framtidshjem dei i lag skal byggja - seg reiser fager, til vern og hyggja.
Her trauste nevar held fast om styret, fårelag skipsleid, i ljos frå fyret.
Og harde hender med grep og spette, gjer landevinning i mager jord, so heim og huslyd kan få sin mette, i luna stova, ved duka bord.
Her lyser kveldsol på mor og faren hjå odelsguten på fedregarden - - - .
Her strålar smil, og her blenkjer tåra. Her svaiar vogga. Her ventar båra.
Her samlast frendar frå heid og hav kring fedrekyrkja, i stille grav.
Her vart det rom for di såmannshand, i nørste lutten av Hordaland.

---00---

For Satan herja i dette Eden. Han röva uskyld og rana freden, forvende hugen, formyrka vitet, og kjærleiksbande til Gud vart slite - - - . Han sette hardhendt sitt eige stempel på det som eingong var Herrens tempel.

---00---

So tung og iskald hjartejordi låg. I åndens verd ho rådde, natti myrke - . Ei einsleg stjerne hist og her ein såg, men ljoset hadde alt forlitens styrke. Eit ynskje smaug i folkehugen vart: "A, gjev her kom ein morgonljoske snart!"

---00---

Frå löda på Frekhaug du onnefolk sende med Bibelens såkorn: Guds livande ord. Men stundom diverre, ja ofte det hende, det fall langsmed veg og i klungerfull jord, der ugras og tistel vaks sida om sida. Og noko på steingrunnen av måtte svida. Men sumt fall i god jord. Bar fullmogi grøda.

Vart berga ved haust til Guds herlegdoms löda.

---00---

Du laut bruka Guds Ord, dette tvieggja sverd som kan såra og lækja den villfarr verd, om det lenger fær nå enn til øyra. Det kannakja vår grunnskade. Set oss på plac. Og tek kjærleg i frå oss vår sjölvgjorde stas. Sjölve Frelsa ho kjem av å höye

---00---

Som morgonsol på ei nattkald eng tendrar strålar i dogg, vekkjer frostbunde li rettar blomane opp, som med krunone heng, gyller ringaste strå, bort alt nattmyr.

ker griv.

Slik Guds nådesol er når i hiarto ho renn: Alle iskalde doggdropar glitrar og brenn.

Kvar ein tårande tvil. Alle lyster som batt, då kjem inn i Guds ljos, or den tro myrke natt.

Ja, kvar jordbunden hug, sjölv det lettlyndte lag, fær sin dom i Guds nåde sin solrenningsdag.

All vår rettferd ser ut som eit tilsulka plagg. Og i "kjötet" han sit, denne usale tagg,

som er rotfesst i hjarta sin djupaste grunn. Slik ein stend innfor Gud med ein tilstoppa munn.

Men i all denne solflaum av livande ljos som tek livet av heile vår rettferd og ros

stend vår Frelsar og byd oss so hjarteleg inn til den fullførde soning, ved krossdoden sin.

Denne ljøsglans frå Gud, dette Himmelske bod som slær rot i eit hjarta ved truvert for "syndenaturi" ei drepande glod. Legg mot Himlen ei livande bru. Skapar trøng til å gå mot vår heim ovan sky, med di syndaren födest på ny.

Men syndehugen han ráder grunnen hjå kvar som er av den Vonde bunden.

Kvar ufrelst sjæl er i Satans magt. Det hev då Jesus so solklært sagt.

~~Han vil ons brenna i Himmelkampet og blanda dødt gift i Frelseskampet~~
Kop "Myrkemannen" alt legg seg hart i. ~~Pontrøngjer Ordet og "blender kort"~~

Set spursmålsteikn ved Guds eigen lovnad. Sjølv vaktmenn därar han til dei sovn.

I örska ropar dei, att i blandt: "Det ord om Helvite er kje sant!"

Då hev han vunne eit slag som dugar, og sett vår Frelsar på plass, som ljugar!

Av slik ein utsæd der myldrar fram ei mengd med svimling i engleham.

---00---

Du treng högreiste vardar med brennande bål, som kan trollmaki få til å fly.

Du treng sverd ved di lend av det reinaste stål, so du kamp kan vår fiende by.

Du treng augo som skil millom svimling og korn, sjølv når svimlingen likjest

Guds born.

---00---

Ja, du treng verta rotfesst i tru på Guds Ord, ogso ord som du ikkje forstår.

Du treng kjærleik frå Gud til din bortkomne bror, so på leiting du etter han gå

Kring det heilage samfunn, legg kjærleikens band. Gjev til systkin ei hjelpende hand.

---00---

Du må tendra, ved ordet, ei livande von i kvar moder si bön over vogga.

Du må leggja Guds tröyst inn i såmannens röyst, som kan gråten hjå syndaren stogga.

Du må nedbe Guds kraft i "den nye song", som den døyande høyrer for siste gong.

---00---

Sjå, din åker er vid, og ditt arbeid er stort. Ja, det største som finnst på vår jord.

Du hev andsvaret for - det til tida vert gjort. Denne skyldnad du fekk av Guds Ord.

Me deg ynskjer til lukka i åri som kjem. Segjer takk for dei sytti og fem!

---00---

I dag me hyller deg, du såmann trauste, som dagsens böra bar so mange år.

Du spreidde "gylle säd" med handi rauste i folkeåkren både haust og vår.

Du byrja ferdi frå ei gammal löda. Gjekk trugen kringom med Guds sædekorg.

No ser du frukter av ditt stræv og möda, og jubilerar på ein ungdomsborg.

Johs. M.L.Rydland.